

Nyttig info ved jobbsøknad til Psykiatrisk klinikk, Helse Førde HF (PSK)

Vedlegg til stillingsannonser

(ajourført 04.02.2025)

Psykiatrisk klinikk er eit distriktpsikiatrisk senter (DPS) for Sunnfjord og Ytre Sogn, med 2 sengepostar i Førde og poliklinikk i Førde og Florø. I tillegg har vi sjukehusfunksjonar med akutt døgnpost med ØH plikt, sikkerheitspost og ambulant vaksenhabilitering. Vi tilbyr pasientar over 18 år spesialisert vurdering, behandling og rehabilitering. [Psykiatrisk klinikk - Helse Førde HF](#)

Ved Psykiatrisk klinikk er det kring **300 tilsette (215 årsverk)**. Vi flytta inn i **nytt moderne bygg i 2021, Dagabygget**. **Helse Førde HF** er største arbeidsplassen i Sogn og Fjordane og har **kring 3200 tilsette**, og er ein del av Helse Vest HF. Psykiatrisk klinikk er strukturert i 7 seksjonar, samt fellesadministrasjon med avdelingsleiar og stab.

Pila til venstre markerer **hovudinngang til Psykiatrisk klinikk, Dagabygget**, Helse Førde. (Det lave bygget med 3 stk atrium i midten). Tilsette kan bevege seg mellom sjukehusbygga innvendig. Dei som ikkje er tilsett nyttar hovudinngangen til PSK.

Pil nr 2 frå venstre markerer **Livabygget**, som er eit nytt moderne sjukehusbygg som vart teke i bruk hausten 2024.

Pil nr 3 frå venstre markerer hovudhuset til Helse Førde, **Svanabygget**, med hovudinngang til dei fleste avdelingane.

Pila til høgre markerer sjukehusbustadane på Leirstad. I tillegg eig Helse Førde fleire andre bustadfelt i nærleiken av sjukehuset, **der tilsette kan søke om å få leige sjukehusbustad i inntil 3 år**.



Organisasjonsstruktur:

Psykiatrisk klinikk er strukturert i 7 seksjonar, **samt fellesadministrasjon med avdelingsleiar og stab:**

Akutt døgn med **15 sengeplassar** er ein lukka akuttpsykiatrisk sengepost for heile Helse Førde. Akuttposten har beredskap heile døgnet og har augeblikkeleg-hjelp- plikt.

DPS døgn allmenn med **14 sengeplassar** er ein del av det distriktspsykiatriske senteret for kommunane i Sunnfjord og Ytre Sogn. Vi tilbyr behandling av psykosar, depresjonar, bipolare lidningar, angstlidningar og eteforstyrningar med meir. DPS døgn tek imot pasientar til både frivillig og tvungen psykisk helsevern.

DPS døgn psykose med **9 sengeplassar** er ein del av det distriktspsykiatriske senteret for kommunane i Sunnfjord og Ytre Sogn. Vi tilbyr utgreiing, behandling og rehabilitering/re-etablering av personar med psykoselidningar til både frivillig og tvunge psykisk helsevern.

PSK sikkerheit er ein lukka sengepost, med **3 sengeplassar** for pasientar over 18 år. Vi tek imot pasientar som har behov for større grad av tryggleik og rammer enn det er ved vanlege døgnpsykiatriske einingar, òg pasientar som har dom på overføring til tvungen psykisk helsevern. Hovudvekta av pasientane har psykoseliding, men vi tek òg imot andre pasientgrupper. Det er integrert poliklinikk i sengeposten og ambulant sikkerheitsteam som følger opp aktuelle pasientar etter utskrivning.

DPS Dag (vaksenpsykiatrisk poliklinikk) På poliklinikkane har vi mellom anna kompetanse innan kognitiv/metakognitiv terapi, psykodynamisk behandling, emosjonsfokusert terapi, traumebehandling, og mentaliseringsbasert terapi. Ruskonsulentar kan hjelpe dei som har eit rusproblem eller som er i ferd med å utvikle rusproblem, og gjev også rettleiing og støtte til pårørande.

Vaksenhabilitering: Vi er ei ambulant spesialistteneste i Sogn og Fjordane. Vi yter tenester til menneske over 18 år med funksjonshemming som følgje av medfødt/erverta skade eller sjukdom, som medfører kognitive og åtferdsmessige funksjonsproblem. Menneske med utviklingshemming og autismespekterforstyrring som har i tillegg åtferdsproblem eller psykiske lidningar, er vår prioriterte målgruppe.

Seksjon behandlarar: Ein seksjon for legar tilsett ved Psykiatrisk klinikk. I tillegg til 13 overlegestillingar har seksjonen og 6 stk LIS-3 og 4 stk LIS-1 stillingar (tidlegare turnuslegar). Psykologane i PSK høyrer til i dei andre seksjonane.

Om Førde:

Offentleg og privat tenesteyting utgjer størstedelen av dei sysselsette i tettstaden. Største arbeidsplass er Førde sentralsjukehus . Ein del industri, administrasjon og servicenæring. Førde har stor turisttrafikk.

I Førde kjem avisa Firda ut, og NRK Vestland har eigen redaksjon i Førde. NRK Nynorsk mediesenter vart etablert i Førde i 2004.

Lotteri- og stiftelsestilsynet held til i Førde. I 2018 vart hovudkontoret til Fredskorpset flytta frå Oslo til Førde. Fredskorpset bytte samtidig namn til Norec, Norsk senter for utvekslingssamarbeid.

Helse Førde er no i ferd med å førebu den desentraliserte studiemodellen **Vestlandslegen** ved Universitet i Bergen, der det trappevis vert oppretta 60 studieplassar i Førde. Opptrappinga gjer at tilbodet no kan utvidast til å omfatte utdanning av leger i Helse Førde-regionen.

Førde er eit viktig trafikknutepunkt. Riksveg 5 går Lærdal–Florø. E39 blir kalla ytre stamveg på Vestlandet. På sørsida av Førdefjorden går riksveg 609 til Askvoll. Førde har òg hovudstasjon for Firda billag, som var det største rutebilselskapet i Sogn og Fjordane. I Førde er elles hamn og kortbaneflyplass på Bringeland sør for tettstaden.

Kva skjer i Førde?

Førde og Sunnfjord kommune har ein **rik arbeidsmarknad, aktivitets- og kulturtilbod for alle aldersgrupper**. Førde er hovudsenter i gamle Sogn og Fjordane fylke. I Sunnfjord kommune bur det ca 22.600 innbyggjarar og av desse **bur det ca 10.500 i tettstaden Førde**. Førde fekk bystatus i 1997.

Skuletilbod:

Førde har tre barneskular i “sentrum”, mange barnehagar (fleire med gåavstand til Helse Førde) og stor vidaregåande skule. Her ligg og høgskule (nabobygg til Førde sentralsjukehus) og fagskule.

I Førde er det fleire statelege direktorat, som Lotteri- og stiftelsestilsynet og Fredskorpset/Norec (Norsk senter for utviklingssamarbeid).

Førde ligg i Sunnfjord kommune, www.sunnfjord.kommune.no

Mykje skjer på **Førdehuset** (kulturhuset med idrettshall, kino, arrangement, konsertar, bibliotek, idrettsbane, svømmehall, arena for mange aktivitetar ved Førde Idrettslag mm) <https://fordehuset.no>

Førde Idrettslag: <https://www.fordeidrettslag.no/> Vi har eit godt og variert idrettsmiljø, der Førde Volleyballklubb spelar i den norske eliteserien.

Teater Vestland (fleire teaterarrangement og restaurant).

Scandic Sunnfjord Hotell (konsertar/scene, restaurantar, spa, bar), **Thon Hotel Førde + Førde Gjestehus og Camping**.

Fleire shoppingsenter, kafé-tilbod og ikkje minst det rike tilbodet vi har ved **kort avstand til naturopplevingar**, både i fjell, langs fjord og elvar og på stiar, parkar mm. Sunnfjordparken idrettspark, Førde/Langeland skistadion, dagsturhytter, Sunnfjord turlag (DNT), Sunnfjord kajakkklubb (leiger og ut kajakk/utstyr), Bua (med utleige av fritidsutstyr) og fleire treningssenter i Førde (Puls Førde, Spenst Førde, Elvetorget Gym, Kjetils Gym AS).

Sjå kart over Førde/Sunnfjord: [Norgeskart](https://norgeskart.no) <https://norgeskart.no>



Pil nærmast: Busstopp for bl.a. flybuss til flyplass/Førde lufthamn (rutetid 75 min før flyavgang).

Pil i midten: Hovudinngang Helse Førde

Pilene bak: Førde sentrum

Til høyre nærast i bildet ligg Hatlehaugen barnehage og Vie barnehage, rett bak over vegen ligg Høgskulen på Vestlandet, avdeling Førde. Det tek ca 5 - 10 min å gå frå Helse Førde til nermaste barneskule, Slåtten skule.



Bilde tatt mot aust, med Viefjellet bak. Vegen mot Jølster til høgre og mot Angedalen til venstre.

Pil markerar **Psykiatrisk klinikk**, Dagabygget, i 2 etg., m/3 stk atrium og hage/park.

Dei høge bygga er Førde sentralsjukehus/hovudhus med nytt påbygg/Livabygget (opna haust 24 og kanskje det mest moderne sjukehusbygget i landet).

Det trekanta bygget i framkant er **Ungdomspsykiatrisk poliklinikk/UPH**. (LIS-legane ved PSK er og forvakt på UPH).

Flybuss frå/til Førde lufthamn har stoppestad ved Førde Sentralsjukehus frå og til alle flyavgangar. Ved avreise med fly, kjem flybussen til busstoppet ved Vievegen/hovudvegen (mot aust), merka med pil på eine biletet lengre nede i infoen. Gå difor over vegen til busstoppet (om du er på sjukehussida). Bussen kjem 75 min (1 time 15 min) før flyavgang. Rutetider finn ein og på www.entur.no Flybussen har hovudstoppestad ved Førde rutebilstasjon i sentrum (nabobygg til Scandic Sunnfjord hotell).

Bybuss i Førde. Rutetider finn ein på www.skyss.no

Taxi: tlf. 57 82 14 25 (Førde Taxisentral), Adresse: Langebruvegen 20, 6800 Førde

Dokumentet er utarbeida av:

Elin Aspenes

Administrasjonskonsulent

Psykiatrisk klinikk

Helse Førde HF

www.helse-forde.no